



Samtalar med råda

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21



ALVER
KOMMUNE



Innhald

Innleiing	3
Ungdomsrådet.....	4
Tema 1: Oppvekstmiljø/nærmiljø	4
Tema 2: Fritid – tilgang på fritidstilbod og møteplassar	6
Tema 3: Ungdomsmiljø	8
Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10
Tema 1: Nærmiljø – kva er eit godt nærmiljø for alle (aldersvennlege samfunn)? ..	10
Tema 2: Fritid – tilgang på møteplassar, kultur- og fritidstilbod.....	11
Tema 3: Frivilligheit – korleis er informasjonen knytt til å drive frivillig arbeid?	13
Kulturrådet og Idrettsrådet	15
1. Kva kan frivilligheita bidra med i utviklinga av Alver-samfunnet?	15
2. Kva tankar har de knytt til dårleg kommuneøkonomi i Alver?	15
3. Kva tenker de er verdien av tenestene og tilbodet lag og organisasjonar gir? ..	16
4. Kva treng lag og organisasjonar frå oss som kommune for å kunne gjere sitt samfunnsoppdrag/-bidrag?	16



Innleiing

Frå 15. september inviterte vi innbyggjarane våre til ein «tre månader lang samtale», der målet var å høyre korleis folk har det og kva ønske dei har for framtida til kommunen vår. Vi opna for fleire måtar å komme med innspel på.

Sidan innbyggjarane spelar hovudrolla i denne perioden, ønskte vi å prate med råda, som representerer viktige grupper i samfunnet

Desse råda har vi snakka med:

- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Kulturrådet
- Idrettsrådet

Hovudtema for samtalane:

- Nærmiljø
- Fritid
- Frivilligheit

Målet med samtalene:

- At råda får løfte perspektiva til viktige grupper i samfunnet inn i samtalen.
- Å bidra til kunnskapsgrunnlag som politikarane kan ta med seg inn i arbeidet med å lage mål og strategiar for ønskt samfunnsutvikling i Alver



Ungdomsrådet



Tema 1: Oppvekstmiljø/nærmiljø

- Trivst du der du bur?
- Kva er bra, kva er dårleg?

Hovudtrekk:

- Mange ungdomar er i stor grad nøgd med området dei bur
- Mange av ungdomane trur at grunnen til at ungdommar ikkje trivst i sitt nærmiljø, eller føler seg einsam, er få andre ungdommar, einsidig fritidstilbod og manglande busstilbod
- Ungdomsklubbane er bra
- Ønskjer fleire ungdomsklubbar
- Dårlig vedlikehald av fotballbanar
- Saknar møteplassar, og generelt plassar og henge
- Kvaliteten på det sosiale miljøet varierer



Positivt Moglegheiter	Negativt Utfordringar
Eg trivst veldig godt der eg bur	Busstilbodet er for dårleg
Eg trivst greitt	Dårleg busstilbod til: 1. Leknes 2. Hjelmås 3. Ostereidet 4. Fløksand 5. Rossland
Bra ungdomsklubb Dei kan godt vere ope fleire dagar i veka	Bussrutene kunnevore betre, og skulle hengt betre saman med når vi startar og sluttar på skulen
Gode bussruter til Bergen og Åsane frå Knarvik og Frekhaug – men lengre ute blir det fort dårleg	Folk er frekke med kvarandre
Ja, eg trivst, skulen er bra, lærarane er snille	Dårleg fotballbane Knarvik er nemnt fleire gonger
«Eg trivst godt der eg bur. Det er eit lite bustadfelt med nokre ungdomar. Det dårlege er at vi bur langt unna forskjellige ting som skule og fritidsaktivitetar. Det går få bussar til andre staden»	Manglar ein del ting i nærleiken av der eg bur
Det er bra det er sosiale tilbod for ungdommane i mitt lokalsamfunn. Me har klubbar to gongar i veka	Vi burde få meir varierte fritidsaktivitetar
Eg bur i Austmarka og eg trivst veldig godt der. Men det er umogleg å gå frå Austmarka til Alversund fordi vegen er så farleg (og det er ikkje fortau der)	Rusproblem blant ungdom
Ønskjer ein møteplass for ungdom som likar å skru på bilar i lag. Ikkje alle som har den moglegheita heime	Skulle vore meir butikkar. Knarvik senter skulle vore større, slik at vi ikkje treng å dra til Åsane for å shoppe
Ønskjer diskotek	Vegane er for dårleg. Hovudvegen er bra, men ikkje landevegane/sidevegane
Mange gode fritidstilbod på Frekhaug	Betre tilgang til ungdomsaktivitetar. Ikkje klubbar, men aktivitetar som kino og symjehall etc
Fotballtilbodet i Knarvik er bra	Kunstgrasbana vår er 18 år gammal, og treng ny matte. Ein kunstgrasbana skal jo egentleg bli bytta kvart



	9ande år
Fotballhallen i Knarvik er bra. Den burde vore ope oftare	McDonalds på Frekhaug
Trur mange trivst i Knarvik, men saknar plassar og henge	Dårleg med møtestader for ungdom Dei reiser langt (gjerne til Leirdalen eller Seim for å trene på betre baner)
Ønskjer Pump-track	Betre møteplassar. Gjerne kino
Ønskjer eit stort fellesaktivitet i Alver som alle ungdommar kan delta på. Til dømes SEK-N-FIND!!	Trur det er vanskeleg å trivast sosialt om ein bur i ytre strok utan busstilbod
Eg opplever at dei fleste trivst på skulen min (Ostereidet). Eg trur grunnen til at ungdommar føler seg einsam er at det er store (geografiske) avstandar. Spesielt dersom busstilbodet er dårleg	Lite med spiseplassar
	Opplever mykje fokus på utsjåande framfor personlegheit. Det er dumt. Ønskjer at folk gir kvarandre meir aksept.
	Mange som føler dei ikkje kan vere med dei dei likar fordi dei er redd for kva andre meiner og seier om kva dei gjer.
	Skulle vært ungdomsklubb i Knarvik. Ein stad med kiosk og hengeplass med aktivitetar for ungdom
	Meiner dei fleste ungdommar sliter med å få vener



Tema 2: Fritid – tilgang på fritidstilbod og møteplassar

- Kva finns, kva manglar?

Hovudtrekk:

- Best fritidstilbod i sentral strok, som Knarvik og Frekhaug
- Manglar klubb i Knarvik
- Saknar eit variert fritidstilbod – gjeld i heile kommunen
- Ønskjer fleire møteplassar for ungdom
- Treng betre infomasjon om kva som skjer, og kor



Kva finst Positivt	Kva manglar Utfordringar
Radøy sin klubb er ganske bra med ulike aktivitetar. Knarvik kunne hatt eit større lokale.	Klubbar som er opne fleire dagar
Mykje fritidstilbod på Frekhaug	Paint-ballklubb
Lindås har fritidsklubb i Lindås-hallen	Manglar variasjon i fritidstilbodet. Ønskjer turn og dans
Vi har mange møteplassar, men ikkje alle veit når klubbane er opne	Manglar klubb i Knarvik. Det er vanskelg for oss i Knarvik å bli med på dei klubane på Ostereidet, Lindås eller Manger fordi det er eit anna miljø og alle kjenner kvarandre godt frå før.
Godt tilbod til dei som likar korps, fotball og friidrett	Klubb på Rossland. Det er vanskeleg å kome til Frekhaug med buss.
	Svømmehall



Tema 3: Ungdomsmiljø

- Korleis opplever de at andre ungdommar trivst på skulen og der dei bur?

Hovudtrekk:

- Ungdommane trur at dei som bur sentralt, i nærheit til andre ungdommar, med godt kollektivtilbod og diverse fritidsaktivitetar, trivst best
- Mange opplever at det er gode ungdomsmiljø
- Nokre melder om dårlege miljø
- Saknar fleire møteplassar
- Vanskeleg å bli kjend med nye folk



Positivt	Utfordringar
Eg opplever at mange trivst på skulen og på klubben på Radøy	Eg opplever at trinnet (Knarvik) er delt opp i gjengar. Vi burde hatt meir fokus på at alle kan vere med alle frå starten. Og unngå å sette folk som har vore i same gjeng lenge i same klasse.
Dei fleste skulane i Knarvik- området er flinke på ting som mobbing og einsemd	Mange blir diskriminert for korleis der ser ut
Ungdomsmiljøet er ganske bra, men dei som likar det same (som fotball) heng med kvarandre	Trur mange synes det er vanskeleg å bli kjend med nye folk
Eg trur at på Knarvik-skulane trivst dei aller fleste. Knarvik vgs og KNUSK	Eg føler mange ungdommar slit med å sosialisere seg. Dei ønskjer å vere aktive, men det er ikkje alltid dei får det til på grunn av vennemangel
Eg opplever at mange trivst når dei har	Nokon er ofte aleine og slit og bli kjed



god tilgang til tilbod, evt bur sentralt eller har godt busstilbod	med andre og trenger difor litt hjelp frå utsida/andre
Elevane på skulen vår er ganske flinke til å inkludere og vi har eit godt miljø i klassen. Så eg vil sei at ungdommane på Nordhordland kristne grunnskule har det ganske bra.	Dei som bur langt ute i kommunen har kanskje ikkje ressursane til å dra å vere med venner? Sånn som langt ute på Rosland og Feste
Trur ungdommar oftare trivst på skulen om dei bur sentralt, eller har god moglegheit til å vere med andre ungdommar. Dette gjeld ikkje berre ungdommar, men barn og vaksne generelt	Miljøet kunne vore meir tilpassa kva kver og ein vil og likar
Det verkar som om dei fleste trivst der dei bur, men avstand er eit problem for å møtast	Mange prøver å gøyme seg for ikkje å få negative reaksjonar
Trur folk trivst, men manglar steder å møtes etter skuletid	(Trur).. ungdommane ikkje har det så bra på Rosland, frekke lærarar, dårlege og gamle bygg/doer. Mange må endre seg for å passe inn
Eg synes det er veldig bra vi har mobilhotell, fordi då kan vi vere meir sosiale og klarer å fokusere betre på skulearbeid. Eg synes alle skulane burde ha det.	Det er nokon som blir mobba!



Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Tema 1: Nærmiljø – kva er eit godt nærmiljø for alle (aldersvennlege samfunn)?

- Kva er gode kvalitetar i eit nærmiljø for gruppa du representerer?
- Kva fungerer ikkje, og kva kan bli betre?

Hovudtrekk:

- Møteplassar er viktig for trivsel, stedar å vere
- Lågterskel tilbod
- Helsetenester i nærleiken
- Ønskjer trafikksikre vegar med fortau
- Frivilligheit
- Einsemd – folkesjukdom
- Tilretteleggje for meir bruk av tuområda

Positivt Moglegheiter	Negativt Utfordringar
Eit godt nærmiljø handlar om trivsel	Problem på Lindås – å gå frå Lindås senter opp Lindås brekko. Det er ei smal veg utan fortau, farleg veg. Vi går ikkje der fordi det er bratt og glatt. Dei eldre kjører – dei kan ikkje gå der. Folk tør ikkje gå ut.
Me treng møteplasser – det har vi i senteret. Aktivitet for folk flest treng me. Kommunen kan byggja eit bygg m/basseng så kan frivillige drifta det.	Før sendte me ungane til Fossemymra på sykkel, men i dag kan dei ikkje senda ungane forbi Litlebergen, det er livsfarlig. Fortau og gang- og sykkelveggar må vera inkl i denne pakko (med bompengar)...
Det er viktig å vedlikehalde turstiane. Flott arbeid pensjonistane gjer her.	Einsemda er den største folkesjukdommen og den må me gjera noko med. Spesielt viktig no i korona-tida. Mange bur åleine. Mange er så glade for å vera med i bassenget – då skjer det noko den veka.
«Få folk med på å arrangera ting – skulle det skje noko må ein gjera noko sjølv – vi må få støtte til endel ting»	Det er viktig å aktivisere menn: damene er ganske aktive, men ikkje gamle-kara
Turstier har vi mange av. Mange eldre og pensjonistar kunne gått på mange turar, men det manglar kvilebenker mange stader. Me har KIM og Ner Kolås og Gløde som kunne fått i oppdrag å laga benker.	Vil det bli ei ungdomsflukt fra distriktene?



Frivilligsentralen på Frekhaug har laga fleire grupper/klubb der folk møtes på gamle brannstasjonen, enten berre prata eller dugnad.	Manglar kino og symjehall
På nærbutikken vår Bunnpris, står det bord m/kaffi og folk kan prata og kjøpa seg ei lefsa.	Ønskjer aktivitetshus (flerbruk), aldersspredt tilbud
Fleire møteplasser og noen faste treff på Lindås. Som "prostata-gjengen" som treffes hver dag frå kl. 11-13 i Lindås senter. Frisøren koker kaffe til dei.	Må utvikle attraktive arbeidsplassar
Møteplasser kor vi kan vere ei stund. Pizzeria på Frekhaug er ikkje ein stad vi kan sitte lenge. Møteplassen i regi av kyrkjen er kun ein gong i veka	
Viktig å ha legekontor i nærleiken	
Idrettsplasser – mykje brukt, og er sentrale og sosiale møteplasser i nærmiljøet for mange. Lågterskel å komme dit. Binder folk saman	
Viktig med gode og tilrettelagte leikeplasser. Det er fine samlingspunkt i eit nærsenter	
Universell utforming er viktig for å skape gode nærmiljø	
Viktig med butikker og tenester i rimelig avstand	
Framtidas helsetenester, teknologiutvikling, behandle på avstand	
Aktive ungdomslag (Vikebø)	

Tema 2: Fritid – tilgang på møteplassar, kultur- og fritidstilbod

- Kva finns, kva manglar rundtom?
- Korleis leve gode kvardagar?

Hovudtrekk:

- Informasjon rundt kva som skjer og kor, kan bli betre



- Ønskjer betre koordinering av behov, oppgåver og kven som ønskjer å bidra som frivillig. Frivillighetssentralen må få ei sentral rolle i dette.
- Rekrutere nye frivillige
- Få på plass fleksibel transport som gjer at fleire kan delta, kome seg ut

Kva finst Positivt	Kva manglar Utfordringar
Informasjon - Ide: Kan frivillighetssentralen senda ut ein gong i året om kva som skjer..	Informasjonen om ulike aktivitetar kan bli betre
Lindås pensjonistlag har spelekveldar – Ludo og Monopol. Sender ut SMS. Det er bra.	Det er vanskeleg å finna ut på heimesida til kommunen. Ikkje alle er like flink på nett. Mykje info står i Nordhordland, kvifor ikkje i Strilen?
I Meland arrangerte vi eldredagen	Eikanger - ikkje mange møteplasser. Mellom to skulekrinser, faller mellom to stoler
Å ikkje vere einsam er viktig for å ha gode dagar	Kva skjer med alle aktivitetene og de gode initiativene etter korona? Mye er satt på vent no - tar det seg opp igjen når dette er over? Kven tar det opp igjen? Korleis blir det med rekruttering etter korona? Sårbart - og avhengig aveldsjeler
Dugnadsånden: Trur den er stor – men sidan ein ikkje veit kva som skjer er det vanskeleg. Synes dugnadsånden er dalane. Dei eldre var vane med å jobbe dugnad. Vil du vera med på noko må du jobba dugnad. Miljøet i bygda er bedre om folk ikkje flytta så mykje. Det er behov for mange slags dugnad. Kan du skaffa dei eldre ved eller noko. Det må annonserast kven kan vera med. Dugnad med utkjøring av mat osv. Det er nokon som treng å vita at dei trengs. Dette er personavhengig.	Informasjonstavle – som på Ostereidet med stor flatskjerm med informasjon på den lokale Rema 1000?
Vil ha eit forum som kan jobba saman om at nokon hjelper dei som treng hjelp, koordinering. Frivillighetssentralen må få ei sentral rolle i dette.	Symjehall
Frækhaug: <ul style="list-style-type: none">• “Møteplassen” i regi av kirken• «Gangjelaget» går fast kvar veke, bare å møte opp til	Transport og kollektivtilbod Lønskjer tilbod meir tilpassa gutter og jenter???



korte turer <ul style="list-style-type: none">• Nordgardsløa: trim for eldre damer• Seniorsenter på sjukeheimen med middag og lett underholdning	
Viktigaste punkter knytt til Nærmiljø: <ul style="list-style-type: none">• Tryggleik• Infrastruktur, kollektiv og trygge gang- og sykkelveggar. Trygg skuleveg.• Tilpassa bustader – til alle livsfaser• Butikk - må kunne kome lett til butikk i nærleiken• Fellesskap	Lite tilbod til gutar/unge menn, båtliv
Vi burde få på plass fleksibel transport som gjør at fleire kan delta	
Fokus på haldningar og verdier i arbeidet med å rekruttere frivillige	

Tema 3: Frivillighet – korleis er informasjonen knytt til å drive frivillig arbeid?

- Er det lett å bidra og lett å få oversikt over kva som skjer?

Hovudtrekk:

- God dugnadsånd rundtom – om enn noe dalande enkelte stader?
- Frivillighetssentraler blir trukket fram som positivt og avgjerande for frivilligheita, koordineringa, informasjonsarbeid, kunnskap og for det gode fellesskapet
- Leve det gode liv? «Det koker ned til om man er frisk, er ein del av eit fellesskap, er mobil, engasjert, kan kjøre bil eller har mulighet for kollektivtransport»

Positivt	Utfordringar Tiltak
God dugnadsånd - stor vilje rundtom	Dette var lettere før, folk vil gjerne betale seg fri
Frivillighetssentralen Meland er gull – denne må vi få beholde	Dugnaden og samholdet må ikkje bli næring
Behov for betre informasjon på nett om kva som skjer i kommunen	Forskjell på å binde seg litt over tid og det og bidra i en konkret oppgave
Frivilligheten må annonsere meir -	Blir dugand eit fremmendord?



gjere det kjend hva som skjer	
Meland helselag gjer ein fantastisk jobb – frivillige som kjører og bringer. Handlehjelp. Kunne vi fått på plass noe slikt i alle sentra?	Må ha god plan for det som skal gjennomføres
Frivillighetsentralen, må bestå, grunnstein for aktivitet	
Ostereidet er det en skjerm, oversikt lokalt	
Kommunens rolle, kan vi stille en time eller to med fagkompetanse (uteavdeling)?	
Kalender, kultur og fritidstilbud, informasjon og rammer, tilskudd	



Kulturrådet og Idrettsrådet

Hovudtema til diskusjon og samtale:

- Kva kan frivilligheita bidra med i utviklinga av Alver-samfunnet?
- Kva tankar har de knytt til dårleg kommuneøkonomi i Alver?
- Kva tenker de er verdien av tenestene og tilbodet lag og organisasjonar gir?
- Kva treng lag og organisasjonar frå oss som kommune for å kunne gjere sitt samfunnsoppdrag/-bidrag?

1. Kva kan frivilligheita bidra med i utviklinga av Alver-samfunnet?

Idrettsrådet:

- Idretten er den største folkehelseaktøren i Alver
- Frivilligheita er viktig
- Brei folkerøyrslé
- Alver er ein kommune med spreidd busetnad og store avstandar. Det er viktig at barn har gode tilbod i nærleiken av der dei bur
- Korleis skal vi sikre gode anlegg i periferien?
- Kan vere utfordringar knytt til drift og vedlikehald
- Sær-idretter kan spesialiseras nokre plassar
- Vi må skape idrettsglede for alle, uansett alder og funksjonsevne

Kulturrådet:

- Alver og Nordhordland er rik på kultur og kulturarbeid
- Vi må jobbe saman for å få til meir, vi jobbar jo for same sak. Tilbod innan kultur og idrett handlar om å skape gode lokalsamfunn
- Vi må jobbe for å gjere kultur/idrett meir interessant for politisk nivå
- Kulturrådet har ca 45 lag
- Kring 320 lag formelt
- Truleg kring 250 lag/samanslutningar i tillegg
- Kulturhus er viktig - mangel på dette gjer at det er mykje som ikkje skjer i Nordhordland/Alver. Kan kombinerast med idrett, svømming til dømes. Lokal plassering er viktig
- Stor breidde og spenn

2. Kva tankar har de knytt til dårleg kommuneøkonomi i Alver?

Idrettsrådet:

- Trond Mohn er viktig for både etablering og drift av ein del anlegg i privat regi. Kommunale anlegg er avhengig av kommuneøkonomi



- Frivillig innsats gir mykje til samfunnet. Idretten i Alver yt kring 150 – 160 årsverk. Ein ser nedskjæringar og dette er mindre summer i den store samanhengen. Vi må ikkje gløyme tilskota som må gå til lagslivet
- Bruke kronene rett, sjå til gode samarbeid med frivilligheit
- Må skjerme det som går til aktivitet. Ser til prosjektet med kommunehuset på Manger og at det er krevjande å finne midlar for tida

Kulturrådet:

- Vi må sjå etter alternative måter å finne midler på
- Sterk kultur for korps
- Viktig å støtte elitekorpsa vidare, sidan store aktørar skaper positive ringverknader for barn/unge. Kultur-ambassadører er viktig

3. Kva tenker de er verdien av tenestene og tilbodet lag og organisasjonar gir?

Idrettsrådet:

- Barn/unge erfarer å ta omsyn til andre ved deltaking i organisert aktivitet, dette er viktig del av oppveksten og «danninga»
- Uorganisert aktivitet er og kjempeviktig, og at kommunen ser breidda i kultur/idrett/aktivitet
- E-sport er ein stor idrett med mange deltakarar, vi må dele areala på ein god nok måte. Meland Aktiv eit godt døme på kombinasjon mellom idrett og kultur. Korleis samarbeider vi med kulturskolen?

Kulturrådet:

- Uorganisert aktivitet og arenaar for dette er òg viktig
- Har vi gode nok tilbod for ungdom, ei aldersgruppe der vi har eit fråfall?
- Døme: skøytebana ved Meland Aktiv gjorde at enda fleire kan vere med
- Radøy fekk til svømmehall og kunstsenter utan mykje midlar. Seier noko om viktigheita av dugnadskultur

4. Kva treng lag og organisasjonar frå oss som kommune for å kunne gjere sitt samfunnsoppdrag/-bidrag?

Idrettsrådet:

- Vi treng lokale arenaar i alle delar av kommunen, og som er i tilfredsstillande stand. Gratis tilbod til barn/unge er utruleg viktig
- Oppretthalde eit fornuftig nivå på tilskot til aktivitetar
- Drift/vedlikeholde og etablere nye anlegg
- Kulturhus/svømmehall, frivilligheita kan ikkje drifte dette. Men andre delar kan frivilligheita bidra mykje

Kulturrådet:

- Kommunen må sjå at frivillig arbeid er verdifullt!
- At det finst kontaktpersonar i kommunen ein kan ha dialog med



- At ein har eit godt samarbeid, der kommunen brukar råda og lagslivet til innspel og medverknad
- Føreseielegheit er viktig. Gjerne for fleire år.